



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan, teknikk og næring	22.11.2016	119/16
Kommunestyret	12.12.2016	138/16

Saksansvarleg: Vidar Lofthus

Arkiv: k2 - s11

Arkivsaknr.: 16/1756

## Høyringsuttale. Endring av reguleringsreglement for regulering av Seljordsvatnet.

### Rådmannen tilrår:

Bø kommune ynskjer ikkje ei endring av reguleringsreglement for damluka i Seljordsvatnet av fyljande grunnar :

1. Biologisk mangfald, fisk, friluftsaktivitetar og landbruk får tilstrekkeleg tilførsel av vatn via minstevassføringa.
2. Det vil ha marginal avgjersle med tanke på ein flaumsituasjon i Seljordsvatnet.
3. Alle restriksjonar som blir lagt på bruken av magasinet kan få negative konsekvensar for kraftproduksjonen.

### 12.12.2016 Kommunestyret

#### Behandling:

Samrøystes, som PTN.

### K- 138/16Vedtak:

#### Vedtak:

Bø kommune ynskjer ikkje ei endring av reguleringsreglement for damluka i Seljordsvatnet av fyljande grunnar :

1. Biologisk mangfald, fisk, friluftsaktivitetar og landbruk får tilstrekkeleg tilførsel av vatn via minstevassføringa.
2. Det vil ha marginal avgjersle med tanke på ein flaumsituasjon i Seljordsvatnet.
3. Alle restriksjonar som blir lagt på bruken av magasinet kan få negative konsekvensar for kraftproduksjonen.

### 22.11.2016 Utval for plan, teknikk og næring

#### Behandling:

Samrøystes

**PTN- 119/16Vedtak:****Tilråding:**

Som rådmannen.

**Bakgrunn for saka:**

Bø kommune fekk i 1944 konsesjon for å regulere Seljordsvatnet i samband med kraftproduksjon. I 1952 blei manøvreringsreglementet endra og i 1980 blei det monstre ei klappeluke i utløpet av vatnet som i hovudsak har som mål å regulere minstevassføringa i Bø elva.

I kommunestyresak 010/15 (*Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet – revisjon av konsesjonsvilkår*) gjekk Bø kommune inn for ikkje å endre reglementet med den argumentasjon at det har marginalt å seie for flaumsituasjonen og at endringar kan vera negativt for framtidig kraftproduksjon.

NVE har no sendt denne saka ut på ein høyringsrunde.

**Saksomtale:**

Kravet om endring av manøvreringsreglement kjem frå reiselivet rundt Seljordsvatnet, som meiner at vassnivået i vatnet ofte er for høgt og at dei lett bli utsett for flaum.

Bø kommune har krav på seg til å sleppe 4,5 m<sup>3</sup>/s med vatn frå Seljordsvatnet og ned i Bø elva. Dette kravet er nedfelt i ei avtale med Sundsbarmkraftverk der dei har ansvaret for at dette skjer. I løpet av dei siste to tiåra har det vore for lite vatn i Seljordsvatnet 2 gonger, og då har ein slept på vatn i frå Sundsbarm. Meste delen av året går det mykje meir vatn i elva enn 4,5 m<sup>3</sup>/s.

Mengde vatn er avgjerande for livet i elva og det meiner ein er oppfylt via minstevassføringa. Både fisk og andre organismar får tilstrekkeleg tilførsel av friskt vatn for å leva godt nedover i elva så lenge konsesjonsvilkåra er oppfylt.

Det er mykje friluftsaktivitet på heile elvestrekninga frå Seljordsvatnet og ut i Nordsjø. Det vil seie at dagens tilførsel av vatn er tilstrekkeleg for å gjennomføre desse aktivitetane. Ei endring av reglementet for å senke Seljordsvatnet kan lett føre til negative konsekvensar natur og friluftsliv.

Representantar frå landbruket langs elva meiner at dei har utfordringar med mykje flaum, og at det i hovudsak kjem av at Sundsbarm kraftverk blir køyrt meir om sommaren.

Vasstanden er då på eit normalnivå heile tida og fungerer mindre dempande i flaumsituasjonar. Målingar gjort av Sundsbarm kraftverk viser at ein har færre flaumsituasjonar etter at Sundsbarmvatnet blei regulert enn før. Landbruksareal langs Bøelva vil vera utsett for flaum også i framtida. Ei endring av manøvreringsreglement for luka i Seljordsvatnet vil i svært liten grad påverke ein flaum. Mindre drift av kraftverket vil bare utsetje ein eventuell flaumsituasjon i få timer.

Lukearrangementet i Seljordsvatnet står stengt mesteparten av tida og held vatnet på eit

normalnivå. Luka skal sikre at det til ein kvar tid blir slept ei vassmengd nedover Bø elva som ikkje er mindre enn kravet til minstevassføring, altså 4,5 m<sup>3</sup>/s. Luka er svært lita og vil ha marginal betydning for flaumsituasjonen i Seljordsvatnet.

I kommunestyresak 010/15 er det også konkludera med at ei endring av bruken av Seljordsvatnet som magasin kan føre til negative konsekvensar for kraftproduksjonen. Desse momenta er drøfta meir inngåande i nemnte politiske sak. Den saka blei sendt til NVE i 2015.

**Vedlegg:**

02.12.2016	Sundsbarmreguleringen og Seljordsvatn - revisjon av konsesjonsvilkår (L)(389295)	331689
10.11.2016	Revisjonsdokument	328899